



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinkalling

Utval: Fitjar kyrkjelege fellesråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 21. september 2017
Tid: Kl. 18.00

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

Fitjar, 15. september - 2017

Harald Rydland, kyrkjeverje

Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet

Sakliste:

Saksnr.

- F-21/17 Utlysing av stilling
- F-22/17 Rekneskap pr. 31.8.2017
- F-23/17 Godkjenning av referat
- F-24/17 Meldingssaker
- F-25/17 Open post



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 21/17: Barne- og ungdomsprest

På siste møte før sommaren vart det gjort vedtak om at kyrkja skulle prøva å etablera ei kombinert stilling som kyrkjelydsprest / kyrkjelydspedagog. I vedtaket låg det av AU skulle finna ut meir om saka og leggja den fram for soknerådet på første møte i haust.

AU har døfta saka og komme fram til at det er verd å prøva å etablera ei slik stilling. Dette kan vera ei god løysing for å få stabil drift og berekraftig økonomi når det gjeld barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja. Tittel på stillinga meiner AU bør vera barne- og ungdomsprest. Slike stillingar finst det fleire av rundt om i landet. Arbeidsoppgåvene må liggja til trusopplæring, konfirmantarbeid, vanlege prestetenester m.m. Vedkommande som får stillinga skal vera tilsett i Fitjar sokn og få løna si hos soknet.

I haust skal det lysast ut ledig stilling som sokneprest i Nysæter sokn i Stord. Det kan vera at fleire kandidatar sökja på både vår stilling og den i Nysæter. Med tanke på dette vil det vera gunstig om me kan samordna utlysing- og tilsetjingstidspunkt for begge stillingane. Etter det me har fått opplyst hos prosten vil stillinga på Nysæter verta utlyst i november, medan tilsetjinga etter planen skal gjerast i februar.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kyrkjelege fellesråd vedtek å etablera ei 100 % stilling som barne- og ungdomsprest i Fitjar sokn. Arbeidsutvalet får fullmakt til å førebu utlysing og tilsetjing. Sjølve tilsetjinga skal gjerast av fellesrådet.

Sak 22/17: Rekneskapsrapport pr. 31.8.2017

Rekneskapsrapporten for dei første 8 mnd. av 2017 er under arbeid hos økonomiavdelinga i kommunen. Den vil verta lagt fram i møte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek orienteringa om rekneskapet pr. 31.8.2017 til vitande.

Sak 23/17: Godkjenning av referat

Utkast til referat frå møte den 28. juni 2017 har sekretæren sendt ut i eigen e-post tidlegare. Det er fint om medlemene kan sjå gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 28. juni 2017.



Sak 24/17: Meldingsaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Økonomien i orgelprosjektet
2. Plan for bruk av gravplassen (dokumentet er vedlagt)
3. Drenering på gravplassen
4. Flytting av kyrkjekontoret
5. Tilstandsrapport for kyrkjebygget
6. Fitjar kyrkje, brannvarsling
7. Dugnadsarbeid i kyrkja og på kyrkjegården
8. Tilsetjing av reinhaldar
9. Mellombels tilsetjing på kyrkjekontoret

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek meldingane til orientering

Sak 25/17: Open post